



DET KONGELEGE  
ARBEIDS- OG SOSIALDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets president  
Ekspedisjonskontoret  
Stortinget  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

14/4439

14.11.2014

**Spørsmål til skriftlig besvarelse nr. 186 fra stortingsrepresentant Gerd Eli Berge –  
Oversikt over sysselsetting etter landbakgrunn**

Stortingsrepresentant Gerd Eli Berge har stilt følgende spørsmål til skriftlig besvarelse:

*”Kan statsråden leggja fram oversikt over sysselsetting (i pst. av gruppe) for personar 25-62 år registrert med minst 30 timar arbeidstid per veke for i) reg. busette i Norge, ii) folkesetnaden eks. innvandrarak og norskfødde, iii) innvandrarak (SSB-def. ), iv) innvandrarak frå Norden, v) innvandrarak frå Vest-Europa utanom Norden og Tyrkia, vi) innvandrarak frå EU-Iand i Aust-Europa, innvandrarak frå Nord-Amerjka og Oseania, vii) innvandrarak frå Asia, viii) innvandrarak frå Afrika og viiii) innvandrarak frå Sør- og M. - Amerika?”*

Svar:

I Noreg har vi godt utbygd arbeidsmarknadsstatistikk. Offisiell statistikk kan seie mykje om sysselsetting over tid, etter alder, landbakgrunn, arbeidstid med vidare. Det er eit par avgrensingar som ligg i den offisielle statistikken: Vi må halde oss til dei gitte definisjonane, og vi må halde oss til eksisterande variablar. Statistisk sentralbyrå nyttar ein litt annan gruppering etter alder enn det representanten spør om, og statistikken som inneheld informasjon om sysselsetting etter landbakgrunn inneheld ikkje samstundes informasjon om arbeidstid.

Tabell 1 under viser sysselsettingsprosenten etter landbakgrunn, gitt desse avgrensingane. Sysselsettinga blant innvandrarak er lågare enn blant befolkninga elles. Sysselsettinga er lågare blant alle innvandrargrupper med unntak av dei frå Norden. Når vi veit at innvandrargruppa i tillegg har ein aldersfordeling med fleire yngre, blir den alderskorrigerte skilnaden noko større.

**Tabell 1: Sysselsetting etter landbakgrunn**

20 – 66 år. Prosent av befolkninga. 2013.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

	sysselsettingsprosent
Heile befolkninga	77,3
Befolkninga eksklusive innvandrarak	79,3
Innvandrarak i alt	66,8
Norden	81,8
Vest-Europa utanom Norden og Tyrkia	76,2
EU-land i Øst-Europa	75,1
Øst-Europa utanfor EU	66,3
Nord-Amerika og Oseania	70,8
Asia	58,5
Afrika	45,5
Sør- og Mellom-Amerika	66,4

Tabell 2 under viser utviklinga i sysselsettinga blant innvandrarak og befolkninga elles over tid. Det har vore ein liten reduksjon i sysselsettingsdifferansen dei siste åra.

**Tabell 2: Sysselsettingsdifferanse mellom innvandrarak og befolkninga**

Sysselsettingsprosentar og differanse i prosentpoeng. 2007 – 2013. 20 – 66 år.

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk, Statistisk sentralbyrå

	befolkninga utan innvandrarak	innvandrarak	differanse i prosentpoeng
2007	80,6	66,9	-13,7
2008	80,7	67,6	-13,1
2009	79,4	65,2	-14,2
2010	78,9	65,2	-13,7
2011	79,1	66,5	-12,6
2012	79,2	66,5	-12,7
2013	79,3	66,8	-12,5

Statistisk sentralbyrå har laga ei oversikt over kor stor del av dei sysselsette frå ulike land som jobbar minst tretti timar per veke. Oversikten er gitt i tabell 3. Innvandrarak jobbar i noko mindre grad fulltid enn befolkninga i alt. Men her er det store skilnader etter landbakgrunn. Innvandrarak frå geografisk nærliggjande land samt USA jobbar i større grad enn nordmenn

fulltid, medan innvandrarak frå Afrika, Asia og Aust-Europa utanom EU i mindre grad jobbar fulltid.

**Tabell 3: Delen av dei sysselsette som jobbar minst 30 timer per veke, etter landbakgrunn**

Kjelde: Registerbasert sysselsettingsstatistikk 2013, Statistisk sentralbyrå

	prosent
Heile befolkninga	73,3
Innvandrarar i alt	72,4
Norden	79,4
Vest-Europa utanom Norden og Tyrkia	79,1
EU-land i Øst-Europa	77,0
Øst-Europa utanfor EU	70,3
Nord-Amerika og Oseania	77,8
Asia	66,3
Afrika	56,9
Sør- og Mellom-Amerika	66,4

Med helsing

Robert Eriksson